

Kontrollutvalet ber om ei orientering om korleis personalansvaret og fagansvaret for kommunelegane er organisert og korleis dette blir følgt opp

- Sjå vedlegg for organisasjonskart
- Personalansvaret for legane og støttepersonell ved Voss legekantor er leiar for legetenesta
- Legetenesta er organisert under avdeling for førebygging og rehabilitering med verksemdsleiar som leiar.
- Voss herad følger prinsippet om enhetlig ledelse. Linjeleder har ansvar for innholdet i tjenesten, de ansatte og budsjettet. Det er altså ikke flere parallelle ansvarslinjer i organisasjonen.
- For å kunne ivareta dette ansvaret på best mulig vis bistår kommuneoverlege Eystein Hauge og legevaktsjef Silje Todnem linjeledelsen som medisinskfaglige rådgivere. Det er i tillegg lyst ut en egen stilling som medisinskfaglig rådgiver innen allmennmedisin på Voss legekantor, men så langt har det ikke lyktes med å rekruttere til denne stillingen

Kontrollutvalet viser til ressursbruken på innleige knytt til legetenesta. Kontrollutvalet vil be om ei orientering om korleis heradet jobbar med rekruttering.

- Sjå vedlegg som vart sendt ut til heradsstyre og lokalavisa om ressursbruken
- Fleire av legane har vore med på stand på ulike plassar for å rekruttere
- Fleire har fått tilpassa % stilling etter ynskje
- Det er blitt tilrettelagt med ekstraustyr på Voss legekantor blant anna nytt ultralydapparat som rekrutteringstiltak
- Det er blitt tilrettelagt med reduserte listelengder og fleire timar administrasjonstid per veke
- Det er no eit arbeid med å tilbakeføra to legeheimlar til næringsdrift, der me har erfart at me rekruttere betre til slike stillingar
- Det er hyppige møter mellom leiinga av legetenesta og tillitsvalte for legane, der arbeider me saman om å finne løysingar for å ha ei god og stabil legetenesta for pasientane våre

Kontrollutvalet ønskjer og ei orientering om korleis ein følgjer opp legar som sluttar, mellom anna om det blir gjennomført sluttsamtalar med legar som sluttar som grunnlag for å avdekke årsaker til at legane sluttar og korleis eventuelt slike avdekka årsaker blir følgt opp.

- Det blir alltid gjennomført ein sluttsamtale med personar som sluttar i våre einingar. Det blir det snakka om årsaka til at dei sluttar og om dei har nokon innspel på ting som kan bli gjort betre i organisasjonen vår.

Kontrollutvalet ønskjer og orientering om i kva grad heradet har ein strategi for å følgjer opp LIS-legar som er i praksis med tanke på framtidig rekruttering.

- LIS1-legane blir fulgt opp både med veiledning og supervisering frå lege og samtale frå nærmaste leiar. I samtalane med leiar blir det mellom anna lagt vekt på kva dei ynskjer å gjere etter at dei er ferdige med LIS1 tenesta. Det har vore fleire LIS1 legar som har hatt arbeid ved Voss legekantor etter at LIS1 tenesta var over. Samtlege har også fått tilbod om vidare arbeid om det har vore ledige stillingar i legetenesta.

Med venleg helsing

Helsing

Kjersti Nordanger

Kommunalsjef Helse-omsorg

Voss herad